

Notert



Faller mest: Leverandører til olje- og gassindustrien.
Foto: NTB scanpix

Ordrebøkene blir stadig tommere

Industri. Ordrereservene i industrien har falt nesten 25 prosent på ett år, og som tidligere er det leverandører til oljesektoren som sliter mest med tomme ordrebøker.

Ordrereservene har nå falt sammenhengende siden starten av 2015, viser kvartalstallene fra Statistisk sentralbyrå (SSB).

Mens ordrereservene falt 3 prosent fra tredje til fjerde kvartal i fjor, var nedgangen på 24,5 prosent sammenlignet med siste kvartal i 2015. Fallet er synlig både i hjemmemarkedet og eksportmarkedet. For eksportmarkedet er fallet størst, med hele 28,2 prosent.

©NTB

– Merkelig forslag om utvidet jakt

Ulv. Naturvernforbundet frykter at lisensjakt ut mars kan føre til at hele ulvefamilier dør.

Organisasjonen reagerer kraftig på Klima- og miljødepartementets (KLD) forslag om å forlenge lisensjaktperioden innenfor ulvesonen til 31. mars denne vinteren. Forslaget er lagt på bordet, selv om det samme departementet har slått fast at det ikke kan tillates lisensjakt på flere enn 15 ulver, alle utenfor ulvesonen. Miljødirektoratet ga i januar lisens til felling av ytterligere tre ulver.

Departementets forslag om utvidet jaktpériode er tøysete og helt uaktuelt, mener Arnodd Håpnes, fagleder for naturmangfold i Naturvernforbundet.

©NTB

LO-forbund ber om tomter

Datasentre. EL- og IT-forbundet mener det statlige selskapet Siva bør klargjøre tomter for bygging av nye klimavennlige datasentre.

I et brev til næringsminister Monica Mæland (H) tar LO-forbundet til orde for å styrke Siva. Statsforetaket har i oppgave å tilrettelegge for utvikling av nytt næringsliv, blant annet gjennom investeringer i eiendom.

– Norge har ren og stabil kraftforsyning, men det må bli enklere for sentrene å etablere seg her. Vi må tilby byggeklare tomter slik at bedriftene slipper den papirmølla, sier forbundsleder Jan Olav Andersen i EL- og IT-forbundet.

Stortinget ba i mai i fjor regjeringen om å lage en strategi for etablering av datasentre i Norge.

©NTB



Alarm: Nestleiar Minette Batters i britiske National Farmers Union seier landbrukssektoren i Storbritannia er i alarmberedskap for Brexit.

Foto: Eva Aalberg Undheim

EU

Fryktar redusert landbrukssektor

Nestlearen i britiske National Farmers Union, Minette Batters, seier utmeldinga frå EU kjem til å ha svært store følgjer for britisk landbruk.

– Tilbydarane av arbeidskraft ser at vi er på veg utfør stupet. Folk ønskjer ikkje lengre å kome frå EU, slik dei gjorde, for å utføre sesongarbeid hjå oss.

Det seier britiske Minette Batters. Ho er nestleiar i bondeorganisasjonen National Farmers Union, som dekkjer England og Wales og deltok fredag på eit seminar om brexit og utviklinga i europeisk landbruk, arrangert av AgriAnalyse.

Batters seier utmeldinga frå EU kjem til å ha svært store følgjer for britiske bønder, både kva gjeld handel og tilgang på arbeidskraft.

Storbritannias statsminister Theresa May har varsla at brotet med EU kjem til å innebere at britane går ut av den indre marknaden. Det inneber stopp av den frie flyten av både varer og arbeidskraft mellom Storbritannia og EU-landa.

Treng arbeidskraft utanfrå
Rundt 3,2 millionar av dei som budde i Storbritannia i 2015 var borgarar frå eit anna EU-land,

ifølgje organisasjonen Full Fact. Det svarar til 5 prosent av befolkninga.

Analysar frå The Migration Observatory ved Oxford Universitet fortel at delen utanlandsfødde personar i arbeidsstyrken totalt var på over 16,7 prosent i 2015, og at bransjen med høgast del utanlandsfødde arbeidarar var matproduksjon. 41 prosent av dei som jobbar i matproduksjon kjem frå eit anna land.

Batters seier økonomien er halde oppen av utanlands arbeidskraft og brukar frukt og grønsakproduksjonen som døme.

– Til innhaustinga av frukt og grønsaker som er avhengig av menneskehender treng vi 85.000 sesongarbeidarar. Denne sektoren har truleg vore den mest framgangsrike og vellukka sektoren vår. Vi har no ei sjølvforsningsgrad for jordbær som er på 50 prosent, seier ho.

– Nei er det alarmberedskap, for vi opplever allereie nedgang av folk som ønskjer å kome. Det har vorte massivt forverra av valutakursen og at folk ikkje lenger

kjenner seg så velkomne hjå oss, seier ho.

National Farmers Union har difor kome med eit klart krav til regjeringa: Dei ønskjer fast årleg arbeidsløype for sesongarbeidarar. Batters er derimot ikkje veldig optimistisk.

– Eg trur det vert vanskeleg å oppnå, for det britiske folket røysta imot fri rørsle av personar og imot innvandring. Poenget er likevel: Om vi ikkje får det, kjem denne vellukka sektoren til å krympe tilsvarende storleiken på arbeidsstyrken.

Ventar utprising frå EU

National Farmers Union gjekk inn for at Storbritannia skulle bli i EU før folkerøystinga, sjølv om det var delte meiningar bland dei 46.000 medlemmene deira. Årsaka var, ifølgje Batters, at dei mente det var avgjerande for britiske bønder og Storbritannia som

Fakta om

Britisk veg ut av EU

- 51,9 prosent av britane røysta i juni 2016 for brexit – at Storbritannia skal ut av EU.
- Storbritannias statsminister Theresa May vil starte utmeldinga før utgangen av mars 2017. Deretter har EU og Storbritannia to år på å forhandle om utmeldinga. Deretter må det forhandlast om ny form for samarbeid.
- May har varsla at brexit kjem til å innebere at Storbritannia går ut av EUs indre marknad og felles tollunion.

øynasjon å ha tilgang til dei 500 millionane konsumentar i EU.

– Ta sauesektoren vår som døme. Vi eksporterer 38 prosent av alle lam til EU. Når artikkel 50 vert utløyst, har vi to år på å få ein avtale. Eg trur det er svært lite truleg for landbruket at det kjem nokon ny avtale i løpet av dei to åra. Så då vil vi måtte handle etter WTO-regelverket som gir 51 prosent toll. Det kjem til å prise lamma våre ut av marknaden, seier ho.

Eva Aalberg Undheim

eva.undheim@nationen.no

Nedgang allereie

«No er det alarmberedskap, for vi opplever allereie nedgang av folk som ønskjer å kome.

Minette Batters, nestleiar i National Farmers Union